



Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 6

OKTOBER 1980

13. årgang

Kirkevisitt

*Først kommer vi inn
i våpenhuset.
Der la folk fra seg sine våpen
før de gikk inn i kirken.
Men det er det mange
hundre år siden.*

*Kanskje vi burde
gjenoppta den gamle skikken
å legge fra oss
våre våpen før vi går inn
i kirkeskipet.
Legge fra oss
sladder, misunnelse, fiendskap,
sinne, ergrelser og irritasjon
og i stedet gå våpenløse
inn til Guds
tjeneste.*

*Men den gamle skikken
innebar også
å bringe våpnene
med seg ut igjen.
Kanskje skulle vi forsøke
en annen utgang, neste gang.
Tilgivelsens utgang
for eksempel.*

Anne



Frå kyrkjefrukost på kyrkjebakken i Arna 8.6.

PÅ SPEIDARLEIR

34 speidarjenter frå Indre Arna og Lone var i sumar med på krinsleir på Valøy i Sunnhordland. I seks dagar opplevde dei telt- og leirlivet saman med 430 andre frå Bergen krins. Mottoet for leiren var: «Med åpne sansar» og var emnet for dei daglege bibeltimane.

Sundag var den offisielle åpningsdagen med gudsteneste og

til side 6

**Misjonsdagar i Arna 3.-12. okt.
Sjå s. 2.**

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10 — 11.30
Torsdag kl. 17.30 — 19.00

Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Tysdag 17.00 — 18.00 og fredag 09.00 — 10.00.

Adresser:

Sokneprest Øyvind Øy, Vollav. 31, Indre Arna, tlf. 24 02 72.

Res. kap. Harald Sundsbø, Gamlevegen 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25

Kateket Målfrid Sandvik, Arhaugen 8, Indre Arna, tlf. 24 23 10.

Organist Paul Leithaug, Birkevelen 47b, Landås

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna, tlf. 24 09 65.

Kyrkjetenar Sylvi Sæle, Skulevegen 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 10

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, 5260 Indre Arna, tlf. 24 05 69, måndag — fredag 10—11.

Misjonsdagar i Arna

Arna kyrkjelyd får i oktober vitjing av heile barne- og ungdoms-avdelingen i Bergen krins av Det norske misjonsselskap saman med misjonsprest Tor Dag Kjosavik og krinsekretær Magne Grønlien. Dei vitjar skulane i Arna om dagen og har møte om ettermiddagane og kveldane. Det er misjonsforeiningane i Arna som står bak opplegget.

Vi vonar mange vil sette av desse dagane og vere med på samværa. Vi gjer spesielt merksam på ungdomskvelden den 4. og festen den 5. oktober i Arna bedehus som er tenkt for heile prestegjeldet. Det same gjeld ungdomskvelden på Lone den 11. og avslutningsmøtet i Arna kyrkje den 12. oktober.

UNNELAND BEDEHUS

Onsdag 8. okt. kl. 20.00, ungdoms- sekr. Martin Atle Eldholm m.fl.

Torsdag 9. okt. kl. 20.00, Martin Atle Eldholm. Song av Magnhild og Terje Erdal. Misjonsoffer.

BEDEHuset «BETANIA», LONE

Fredag 10. okt. kl. 19.30, misjons- prest Tor Dag Kjosavik. Misjons- offer.

Lørdag 11. okt. kl. 19.30, UNGDOMSKVELD. Tor Dag Kjosavik m.fl. talar. Song av Beta- nia ungdomskor. Servering.

ARNA BEDEHUS

Lørdag 4. okt. kl. 19.00, UNG- DOMENS LØRDAGSKVELD (for heile prestegjeldet). Song av Haug- landjuniorane. Barne- og ungdoms- avd. har programmet. Servering.

Søndag 5. oktober kl. 17.00, STOR MISJONSFEST. Krinssekr. Magne J. Grønlien og misjonær Bjørg Bru- knapp m.fl. Song av Magnhild og Terje Erdal. Servering. Misjons- offer.

Tirsdag 7. okt. kl. 17.30, FAMILIE- MØTE saman med Barnerøster og Indre Arna yngreslag.

Onsdag 8. okt. kl. 19.30, krinssekr. Magne Grønlien. Song av Magnhild

VELKOMMEN



til menighetsselev Ragnhild Fasseland.

Har du høyrte om Menighetsseminaret? Det er ein institusjon for utdanning av medarbeidarar i kyrkja. Her legg ein stor vekt på praktisk erfar- ning samstundes med den teoretiske undervis- ninga.

Ragnhild Fasseland frå Sør Audnedal ved Mandal er i år elev ved Menighetsseminaret i Bergen. Ho skal ha sin praksis i Arna kyrkjelyd. Ho bur i Indre Arna, og vil få det meste av arbeidet sitt i denne kyrkjelyden. Mellom anna kjem ho til å starte ei barnegruppe på Garnes, og ho vil vera med i lei- inga for Ten Sing.

Me ynskjer Ragnhild vel- kommen som medarbeidar, og vo- nar at ho vil få ei god tid i Arna.

Arna kyrkjekor

ynskjer framleis nye medlemmer velkomne. Vi øver i kyrkja kvar onsdag kl. 20.00. Ta kontakt med organisten eller Berit Ljones, tlf. 24 15 94 eller Jan Marius Olsen, tlf. 24 03 08.

Konfirmantane i kyrkjelydane

I Arna har det dette året meldt seg 184 til konfirmanttida. 14 av desse høyrer til Trengereid. I Ytre Arna er talet 45.

og Terje Erdal.

Torsdag 9. okt. kl. 19.30, GENE- RASJONSTREFF. Tale av misjons- prest Tor Dag Kjosavik. Song av Ar- na Ten Sing. Misjonsoffer.

TUNES BEDEHUS

Fredag 3. okt. kl. 19.30, bysekr. Kjell Witsø Johnsen m.fl. Song av Anne Hilde Garnes Johnsen. Misjonsoffer.

ROMSLO

Onsdag 8. okt. kl. 15.00.

TRENGEREID BEDEHUS

Torsdag 9. okt. FAMILIEMØTE, kl. 18.00. Barne- og ungdoms-avde- lingen har programmet.

YTRE ARNA BEDEHUS

Tirsdag 7. okt. kl. 19.30, misjons-

prest Tor Dag Kjosavik. Song av Magnhild og Terje Erdal.

Torsdag 9. okt. kl. 19.30, krinssekr. Magne J. Grønlien. Misjonsoffer.

Fredag 10. okt. kl. 17.00, FAMILIE- MØTE ved Martin Atle Eldholm m.fl. Song av Yngste Røster. NB! Eldresamling på Flatane kl. 15.30.

HAUGLAND BEDEHUS

Onsdag 8. okt. kl. 19.00, bysekr. Kjell Witsø Johnsen. Song av Haug- land musikkor. Misjonsoffer.

ARNA KYRKJE

Søndag 12. okt. kl. 19.00, STORT MISJONSMØTE. Tale av misjons- prest Tor Dag Kjosavik. Indre Arna musikklag. Solosong. Misjonsoffer.

Familieside



ARNA SOKN

Døypte:

- 21/6: Linda Bjørvik, Maren Indrearene.
24/8: Frode Halvorsen.
31/8: Helge Eikeland, Kamilla Nilsen Oma.
14/9: Håkon Føllesø, Kristine Teigland, Hilde Halleland.
27/7: Frank Klaveness, døypt i Birkeland kirke.
27/7: Camilla Østad Eide døypt i Rygge kapell.
3/8: Mari Wiborg-Jenssen, døypt i Sørums kirke.
10/8: Einar Johan Aadland, døypt i Fana kirke.
31/8: Berit Synnøve Osmundsen, døypt i Grytten kirke.

YTRE ARNA SOKN

- 31/8: Helge Reigstad, Tommy Pettersen.
14/9: Jarle Eirik Skare, Hilde Kalland, Ronny Thunes.

ARNA SOKN

Vigde:

- 30/5: John Sverre Njåstad og Anne Margrethe Nielsen vigde i Domkirken.
2/8: Ove Nesse og Eli Røsseland, vigde i Årland kyrkje.
9/8: Rolf Lervik og Elisabeth Ødegård. Vigde i Korskirken.
6/9: Ole Hans Lien og Marta Solberg.

ARNA SOKN

Døde:

- 15/8: Anna Marie Skulstad, f. 1904.
18/8: Berthea Vimmelvik, f. 1890.
24/8: Hans Martin Bjørndal, f. 1899.
2/9: Åshild Rundhovde, f. 1923.

YTRE ARNA SOKN

- 17/8: Signy Kvamstø, f. 1901.
2/9: Audun Olav Bøge, f. 1948.
4/9: Nikolai Helgås, f. 1910.

«Mat til Afrika»

16 speidarar gjennomførte saman med Arna Røde Kors ein dørtildør-aksjon i Arna for Aksjonen «Mat til Afrika» 27/8. På knappe to timar fekk dei inn vel 13.000 kroner. Speidarane vil takka alle som gav og tok vel i mot dei i det fæle veret.

Kyrkjefrukost på kyrkjebakken

Nokre iderike ungdomar hadde ideen. Dei sette ut langbord og stolar og innbaud til kyrkjefrukost 9.6. kl. 10. Finveret kom, og det same gjorde folk med thermos og mat. Godt og vel 60 var samla til slutt — langte fleire enn dei hadde rekna med.

Ei fin samlingsstund før gudstenesta var det.

Presten har ordet



Harald Sundsbø

Presten sin kvardag

Oftast skriv og snakkar presten om andre saker. Men denne gongen vil eg ta dykk med eit lite gløtt inn i presten sin kvardag. Ikkje for å gje noko utgreiing om den, men for å dela nokre tankar derfrå.

Før eg vart prest tenkte eg mange gonger at det måtte vera underleg med det store skiftet i oppgåvene. Og det er det. Ein møter menneske i alle aldrar og alle livssituasjonar. Frå dei små borna som vert døypte til dei eldre som ikkje kan koma seg ut.

Ved møtet med menneska, gjer også presten seg sine tankar. Stunda ved gravkanten gjer sitt uttrykk, likeins minuttane ved døypefonten når eit nytt lem vert lagt til kyrkjelyden. Arbeidsdagen kan stundom verta ein revy over menneskelivet. Bibelens bilete der menneskelivet vert samanlikna med gras som blømer og visnar fort, kjem ikkje så sjeldan fram i tankane. Og dermed vert også alvoret avdekkja — også for presten sjølv. Det som mange menneske i dag legg så lite vekt på. «Livet er mer enn å stå der å se»... står der i ei sangstrofe. Mange har ikkje sett det — og vert berre stå-

ande å sjå og ikkje tenkja så mykje etter kva livet eigentleg er og kva det fører til. Men om alvoret brått kjem fram, kva har ein då å møte det med?

Presten har også ein bodskap å gå med inn i alle desse situasjonane: Joh. 3.16 formar det slik: «For så elska Gud verda at han gav son sin, den einborre, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv». Det handlar om Guds kjærleik, Guds offer for oss, frelse frå fortaping, og evig liv.

Ikkje alltid er det like lett å nå fram med bodskapen. Ofte melder også spørsmålet seg: Kvifor er det så få som vil ta imot Guds løfte i tru — det som kan gje hjelp i dei djupaste spørsmål i livet?

Svaret er ikkje lett å finna. Det kan vel ikkje presten åleine finna fram til heller — der må kvar svara for seg.

Harald Sundsbø

Haugland bedehus 30 år

Sundag 26. okt. vert det jubileum på Haugland bedehus. Det vart innvigd bededagen 1950, og det er no 30 år sidan. Då vert det møte kl. 11.00 og kl. 14.30, og middag og kaffe høyrer sjølv sagt også med ein slik dag. Alle er velkomne til å vera med der.

Takvam 2. nov.

Der vert det gudsteneste ved domprost Monstad kl. 16.30. Ei rekkje nye ting i kapellet er då på plass, og dei vert vigsla. Seinare er det fest på Tunes bedehus kl. 18.00.

Seksti med vekst i

Norges KFUK-speidarar, som feirar 60-årsjubileum i haust, er ein ung 60-åring. Over 80 % av medlemene er under 15 år og heile 93 % er under 25 år.

I jubileumsåret har forbundet ca. 19.000 medlemmer over heile landet.

Gruppene er delt i meisering (7-9 år), stifinnarflokk (10-12 år), vandrartropp 13-15 år) og rangarlag (over 16 år).

Forbundet er med i Speiderpikenes Verdensforbund som har 7,5 mill. medlemmer i 98 land. Speidarprogrammet byggjer på speidarlov og løfte.

Det blir serleg lagt vekt på at speidararbeidet har ei stor oppgåve å skapa haldningar og at det i vår tid er viktig å læra barn og ungdom eit enkelt levestett og at arbeidet er eit kristent barne- og ungdomsarbeid.

Bergen krins av Norges KFUK-speidarar skal markera 60-årsjubiléet med ein matiné i Grieghallen søndag 9. nov. for alle speidarjenter med familiar.

I Arna er det to aktive speidargrupper: Lone I og Indre Arna I. Gruppeleiar i Indre Arna er Bjørg

Albrechtsen. Ho har og ansvaret for stifinnarflokken saman med Nina Fure. Eli Solberg og Jannike Fure er patruljeførarar i flokken. Bente Økland og Inger Solrun Nesheim har ansvaret for meisene og Margit Boge for vandraranene. Rangaranene har samarbeid med roverane i I. Indre Arna (gutespeidarane).

Lone I: Anne Karin Wallem er gruppeleiar.

Marit Hauge og Torill Krossvold: stifinnarane.

Svanhild Lone: Vandraranene.

På speidarleir *frå side 1* marknad. Pengane som kom inn gjekk til KFUK-speidarane sin misjonær, Liv Kari Nesland, som arbeider på Madagaskar.

Dei andre dagane var det ymse programtilbod som t.d. førstehjelp, båtveit, kanopadling, fargeplanting, primitiv matlaging, leirkor. På ein speidarleir må jentene sjølve laga maten over åpen var-

Eldretreffet

på Flatane i Ytre Arna har også våre på tur. 11/9 kørde vi buss i strålende haustver til Lindås. Der møtte sokneprest Fykse oss ved kyrkja. Etter ulikt program, var det samling heime hjå familien Fykse, og alle sette pris på å få møta dei att.

ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 113 år.

ARNATVEIT AUTO SENTER

J. B. Myklestad
5260 INDRE ARNA
Telefon 24 07 40 — Privat 22 69 01

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossst. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørger oppsatt.

Assurandør

OLAV A. HOVDEN

Er autorisert rådgiver i forsikring. Han hjelper Dem med alt innen forsikring, finansiering, og leasing. Ring, stikk innom eller send noen ord.

Storebrand  Idun
for sikkerhets skyld

Postboks 17, 5260 Indre Arna
Telefon 24 15 32 — Privat 28 08 11

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss De også. Vi gir god service.

Kversøy Bilforretning

EPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Velkommen til kyrkje

5. okt.:

ARNA kl. 11.00: Familiegudsteneste ved sokneprest Øy og konsulent Lars Harberg. Søndagsskulens dag. Song av «Barnerøster». Offer til Bergens søndagsskulekrins.

YTRE ARNA kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Søndagsskulens dag. Offer til Arna søndagsskulelag.

12. okt.:

ARNA kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Barnevakt. Offer til Den Indre Sjømannsmisjon.

YTRE ARNA kl. 11.00: Misjonsprest Tor Dag Kjosavik. Nattverd.

19. okt.:

ARNA kl. 11.00: Krinssekretær Magne Grønlien. Offer Norsk Lærerakademi. Nattverd. Barnevakt.

YTRE ARNA kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Offer til kyrkjelydsbladet. Barnevakt.

TRENGEREID kl. 18.00: Res. kap. Sundsbø. Nattverd.

22. okt.:

ARNA kl. 19.00: Kveldsgudsteneste ved res. kap. Sundsbø. Dåp.

26. okt.:

ARNA kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Barnevakt.

ARNA kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste ved res. kap. Sundsbø. Nattverd.

2. nov.:

ARNA kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Barnevakt.

YTRE ARNA kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Nattverd. Barnevakt.

TAKVAM kl. 16.30: Domprost Monstad. Vigsling av utstyr i kapellet.

9. nov.:

ARNA kl. 11.00: Res. kap. Sundsbø. Barnevakt. Offer til Santalmisjonen.

TRENGEREID kl. 11.00: Sokneprest Øy.

YTRE ARNA kl. 18.00: Heimesekr. Bondevik og res. kap. Sundsbø. Pakke-innsamling til sjøfolk.

HAUKELAND kl. 16.30: Familiegudsteneste ved sokneprest Øy. Unneland skulekor og søndagsskuleborna tek del.

me. Dei er delte inn i kokelag og har ansvar for at maten blir god og ferdig til rett tid. Det såg ut til at maten smakte!

Vi fekk oppleve all slags ver frå sol og regn, lyn og torever. Men

Baden Powell sine ord om at speiding er ein måte å leva på blir verkeleggjort når vi må takle situasjonane som oppstår på beste måte, greie oss med dei enklaste midlar og læra å vera saman med andre og ta omsyn til kvarandre.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle, Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.